

# Referat idrettslaget sin turmarsj på Fedje 1. mai 2023

1. mai var det nok ein gong duka for dette tradisjonsrike arrangementet, som har halde det gåande på Fedje sidan 1986. Denne gong med rekordmange deltagarar, heile 191, som nok heng saman med langhelg, fint vêr og offisiell opning ved ordførar Stian Herøy av den nye drygt 2 km lange grusvegen store delar av turmarsjen går gjennom. No kan ein gå gjennom løypa i allslags forhold, også med barnevogn. Før 1986 skal det ikkje ha vore vanleg å gå rundt i marka, slik det er blitt etter at turmarsjtraseen utvikla seg til å bli ein del av Nordsjøløypene. På turmarsjen var det som vanleg 5 postar underveis med 5 spørsmål på kvar, og 3 svaralternativ på kvart spørsmål. Snittresultatet var 15,7 av 25 poeng, som er litt under normalen, då vanskegraden nok var litt høgare enn vanleg.

Spørsmåla bestod som vanleg av ein god miks av lokalkunnskap, samfunnsaktuelle tema, historie, noko for barn og unge, samt allmennkunnskap og logikk.

I år var det to familiar som kniva om tittelen. 2011-vinnar Arild Karlsen sine søstre Betty Karlsen og Linda Storemark og deira ektemenn, Jon-Roald Fonnes og Baste Storemark, utgjorde lenge ein kvartett i tet, anført av Baste med 22 poeng som var nærest på tiebreaker. Men på tampen kom 2019-vinnaren Trond-Willy Færøy inn, som rett nok fekk «berre» 20 poeng og ein 9. plass sjølv, men kor eldstedottera Ariel fekk 23 av 25 riktige, og gjekk med det til topps og kopierte søstera Aurora som vann i fjar. Normalen er at familiar/vener går i lag og samarbeider, og Trond-Willy er den som på vegne av vinnaren står for sigersintervjuet, då Ariel hadde reist frå øya då den glade beskjeden kom.

*«Heilt ærleg, Trond-Willy, er det litt bittert at det er Ariel og ikkje du som står øvst på lista?»*

*«Slett ikkje! Me sa før start at det viktigaste var at sigeren gjekk til ein i familien. Ariel sa på forhånd at i år skulle det bli hennar tur, og ganske visst!», seier Trond-Willy, som fortel korleis dei delte seg opp der dei var usikre, og at det var nokså tilfeldig at det alternativet Ariel enda opp med som var riktig på dei spørsmåla kor dei var usikre på svaret.*

*«Eg har lenge etterlyst å kunne betala ekstra for å få nokre heil- og halvgarderingar, altså utover det ein kan få til gjennom å samarbeida internt i familien, men heldigvis vart det heller ikkje behov for det i år.» Han legg til at han er godt nøgd med at arrangøren har tatt lærdom av den teknologiske utviklinga, og lagt til ein del spørsmål kor det ikkje er så lett å google med mobilen. Men i motsetning til i fjar kom sigeren som ei overrasking denne gongen.*

*«I år hadde eg ikkje trua. Då eg fekk høyra andre hadde 22 poeng, trudde eg at sigeren rauk. Men det gjorde berre beskjeden om at tittelen framleis er i familien endå betre.»*



Ordføraren står for offisiell opning av turløypa.



Øvst: Deltakarar ute i løypa. Under Ariel som vann.



## Historikk frå og med 2009:

År	Vekedag	Tal deltagarar	Vinnar	Vinnarpoengsum	Av 25 Snittpoeng alle deltagarar	Merknad
2023	Måndag	191	Ariel Andersen Færøy	23	15,7	
2022	Søndag	131	Aurora Njøten Færøy	22	17,9	
2021	Lørdag	140	Mathilde Tvedt Villanger	25	16,5	
2019	Onsdag	127	Trond-Willy Færøy	22	15,9	
2018	Tirsdag	129	Marius Øien	21	16,2	
2017	Måndag	112	Tormod Olsen	24	18,5	
2016	Søndag	104	Klara Hagen	22	17,5	
2015	Fredag	122	Arvid Skogseth	22	16,5	
2014	Torsdag	113	Klara Hagen	22	15,7	
2013	Onsdag	*66	Kjetil Berg Hansen	22	15,1	*Kraftig vind og regn
2012	Tirsdag	120	Sebastian Vangsnes	23	16,7	
2011	Søndag	96	Arild Karlsen	21	16,5	
2010	Lørdag	94	Annika Tvedt Villanger	22	16,8	
2009	Fredag	124	Kamilla Kleppe Karlsen	21	13,1	

## Resultatliste

(Kun dei med minst 18 poeng, full resultatliste er sløyfa, øvrige kan ev. rekna ut eigen poengsum ut frå kva dei svarte opp mot fasit nedst)

Plassering	Namn	Tips på tiebreaker	Poengsum av 25
1.	Færøy, Ariel Andersen	344	<b>23</b>
2.	Storemark, Baste	325	<b>22</b>
3.	Fonnes, Jon-Roald	301	<b>22</b>
4.	Storemark, Linda	296	<b>22</b>
5.	Karlsen, Betty	364	<b>21</b>
6.	Færøy, Aurora Njøten	344	<b>21</b>
7.	Berg, Camilla Horgen	233	<b>21</b>
8.	Storsæter, Malin	417	<b>20</b>
9.	Færøy, Trond-Willy	344	<b>20</b>
10.	Berg, Leander	222	<b>20</b>
11.	Nordby, Stine	168	<b>20</b>
12.	Vik, Ole Henrik		<b>20</b>
13.	Vik, Varg		<b>20</b>
14.	Storsæter, Ole-Jørgen	422	<b>19</b>
15.	Øien, Marius	347	<b>19</b>
16.	Norstrand, David G.	323	<b>19</b>
17.	Gullaksen, Celina	323	<b>19</b>
18.	Walle, Johannes	323	<b>19</b>
19.	Erstad, Siri	250	<b>19</b>
20.	Leknes, Marie E.	249	<b>19</b>
21.	Leknes, Johannes E.	248	<b>19</b>
22.	Berg, Linnea	197	<b>19</b>
23.	Hernar, Magnus	151	<b>19</b>
24.	Villanger, Mathilde	151	<b>19</b>
25.	Nordby, Otto André	132	<b>19</b>
26.	Vik, Stella		<b>19</b>
27.	Vik, Charlotte		<b>19</b>
28.	Dyrøy, Maria K.	333	<b>18</b>
29.	Husa, Nelia Noelle	331	<b>18</b>
30.	Nordøy, Gard	299	<b>18</b>
31.	Thomassen, Arild Stangeland	220	<b>18</b>

32.	Waage, Monica Thomassen	220	18
33.	Stangeland, Kari Thomassen	220	18
34.	Gullaksen, Tonje Hernar	209	18
35.	Gullaksen, Silje	208	18
36.	Nordby, Sondre	201	18
37.	Karlsen, Oskar	200	18
38.	Skogseth, Bjørn	188	18
39.	Steinsland, Linn-Helene	187	18
40.	Villanger, Annika	183	18
41.	Villanger, Anna	160	18
42.	Nordby, Selma	149	18
43.	Kongsvoll, Eivind	712	18
44.	Villanger, Bjarte	147	18
45.	Nordøy, Trym	144	18

**Fasit:** Alternativet i **kvitt på svart** er det riktige. I parentes står det kor mange prosent som svarte det alternativet.

**1. Kva er eit kjent ordspråk?**

- 1) Små grisar har også øyrar (12 %)  
 X) Små gryter har også øyrar (83 %)  
 2) Små grinebitarar har også øyrar (5 %)



**2. Kva heiter denne mannen?**

- 1) Øistein (96 %)                            X) Øivind (2 %)                            2) Eyvind (2 %)

**3. Kva stemmer i dei aller fleste tilfeller?**

- 1) Det er bly i blyantar(23%)                    X) Det er blekk i blekksprutar(72%)                    2) Det er krabbe i crabsticks(5%)  
*Blyantar innehold grafitt, crabstick innehold kvit fisk, og det rette ordet for væska blekksprutar sprutar er faktisk blekk*

**4. Kva vart sendt i NRK fjernsynet frå kl. 18.00 måndag 17. oktober 1983?**

- 1) «Husker du?», musikalsk TV-program for eldre med Odd Grythe (9 %)  
 X) «Brødrene Dal og spektralsteinene» (6 %)  
 2) «Labbetuss» (eller «Tre-Fire-Fem», som programmet eigentleg heitte) (85 %)  
*Fram til hausten 1984 var det ikkje Barne-TV på måndager.*

**5. Kva er største aldersskilnad mellom to heilsøsken i den nye digitale utgåva av Fedje og Folket ([https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fedje\\_og\\_folket](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fedje_og_folket))?**

- 1) 20 år eller mindre (3 %)                    X) Meir enn 20 år, men mindre enn 23 år (32 %)                    2) 23 år eller meir (65 %)  
*To døme: Britt Iren Husa (f. juni 1955) og Terje André Husa (f. august 1978), samt Thorstein Pletten Olsnes (f. september 1999) og Alfred Pletten Olsnes (f. november 2022).*

**6. Kva er namnet på ein film eller ein TV-serie?**

- 1) Livet med Astrid S (4 %)                    X) Døden på Oslo S (92 %)                    2) Midtlivskrisa med Tesla Model S (4 %)

**7. Kven sørga for å få fanga dei tre røvarane i Kardemomme By?**

- 1) Politimeister Bastian, Trikkeførar Syversen og Barberar Sørensen (30 %)  
X) Tante Sofie (26 %)  
2) Bakaren, Pølsemakaren og Kjøpmann Berg (44 %)

**8. Kven kom med ideen om at gards- og ættesoga vår skulle heita «Fedje og Folket»?**

- 1) Olav Kongestøl (22 %)                            X) Frank Johnsen (22 %)                            2) Karl Storhaug (56%)

**9. Kva er IKKJE rett om 36,9?**

- 1) Lønsutgiftene til Fedje kommune i 2022 var 36,9 millionar kroner (39 %)  
X) Arbeidarpartiets oppslutnad ved Stortingsvalet i 1993 var 36,9 % (30 %)  
2) Høgre sin oppslutnad ved ei meiningsmåling i mars 2023 var 36,9 %, som var omrent det same som Ap, Sp, SV, Raudt og MDG hadde til saman (31 %)

**Lønsutgiftene for Fedje kommune i 2022 var noko over 40 millionar kroner.**

**10. Kva er slektsforholdet mellom Fedje-ordførar Stian Herøy og Fedje-kjøpmann Otto André Nordby?**

- 1) Søskerbarn (2 %)                            X) Tremenningar (68 %)                            2) Firmenningar (30 %)

**Fedrene, Otto Karl Nordby og Olav Johan Herøy, var søskerbarn.**

**11. Kven eig Hellisøy fyr?**

- 1) Staten (73 %)                            X) Fedje kommune (24 %)                            2) Feddie Ocean Distillery (3 %)

**12. Kva trudde influensar Aleksander Sæterstøl at Høyer-gründer Ørnulf Høyer heiter?**

(Dei deltok begge i siste Farmen Kjendis)

- 1) Bjørnulf (13 %)                            X) Ørnulf Ørn (14 %)                            2) Uggleif (73 %)

**13. Turmarsjen 1. mai på Fedje har vore ein tradisjon sidan 1986. Kva for eit anna årleg arrangement har komme til på Fedje i ettertid på same dato?**

- 1) Fedjeløpet (3 %)                            X) Korkafeen (97 %)                            2) Den store klesbyttedagen (0 %)

**14. Kor mykje lengre tid tok det å bruka opp EL-bilskulta, samanlikna med ED-bilskulta?**

- 1) 6 gongar så lang tid (37 %)                    X) 13 gongar så lang tid (29 %)                    2) 26 gongar så lang tid (34 %)

**EL-bilskulta varte i om lag 17 år, medan ED-bilskulta varte i om lag 8 månader.**

**15. Om du høyrer gjennom alle låtane til (Salhus)Vinsketten ein gong, kor mange gonger vil du høyra frasen «broren te Kåren»?**

- 1) 3 eller færre (21 %)                            X) 4 (32 %)    2) 5 eller fleire (47 %)

**Fire gongar i låta «Dans på Grasdal» og ein gong i låta «No e' da helg».**

**16. Kva heiter destinasjonsselskapet på Fedje?**

- 1) Fedje Grønland AS (1 %)                            X) Fedje Irland AS (2 %)                            2) Fedje Island AS (97 %)

**17. Kva er IKKJE sant om sensur av eldre tekstar?**

- 1) Thorbjørn Egners «Visen om vesle Hoa» er fjerna frå nye opplag av Egner si visesamling (20 %)  
X) Disney har endra namnet på Mikke Mus sin rival Svarte-Petter til kun Petter i nye utgåver (42 %)  
2) Hellbillies' låt «Neger på Ål stasjon» frå 1996 er endra til berre «På Ål stasjon», og bandet har sluttat å spela låta på sine konserter (38 %)



**18.** Det største av dei to lysande objekta til venstre for pipa er Venus. Kva er det minste?

- 1) Merkur (35 %)    X) Mars (12 %)    2) Jupiter (53 %)

**19.** I kva år passerte ein i Noreg for første gong 10 000 mobiltelefonabonnement?

- 1) 1976 (11 %)    X) 1986 (58 %)    2) 1996 (31 %)

*Både BT og Aftenposten skriv i uavhengige artiklar at det var over 10 000 mobiltelefonabonnement i 1976. Dei relativt store/tunge mobiltelefonane vart mest nytta av det offentlege og i næringslivet, primært innan transport, anlegg, helsesteneste, politi, redningsteneste og hjelpekorps, men også av andre verksemder.*

**20.** I februar var det mykje merksemnd rundt eit bilde, kor ei venninne av influensar Sophie Elise haldt i ein liten pose med kvitt pulver i. Venninna vart anonymisert, men kven var ho?

- 1) Prinsesse Ingrid Alexandra (1 %)  
 X) Nora Haukeland, som er sambuaren til Ingrid Alexandra sin halvbror, Marius (94 %)  
 2) Maud Angelica Behn, kusina til Ingrid Alexandra (5 %)

**21.** Kva omtalar prinsesse Märtha Louise sin sambuar Durek Verrett seg som?

- 1) Sjaman (98 %)    X) Sjarlatan (1 %)    2) Sjonglør (1 %)

**22.** Kva for ein av dei tre påstandane under om mat er IKKJE korrekt?

- 1) Hamburgaren har namnet sitt frå byen Hamburg (46 %)  
 X) Cæsarsalaten har namnet sitt frå den romerske hærføraren og diktatoren Julius Cæsar (44 %)  
 2) Wienerbrødet har namnet sitt frå byen Wien (10 %)

*Cæsarsalaten har namnet sitt frå den italienske kokken/restauratøren/hotelleigaren Caesare Cardini. Hamburgaren har faktisk namnet frå byen Hamburg, og har ingenting med ordet «ham», som betyr skinke, å gjera.*

**23.** Kva for ein norsk kjendis med initialane O.W. står bak ein mykje omtala sjokoladebolle?

- 1) Olli Wermeskog (5 %)                                    X) Odin Waage (6 %)    2) Oskar Westerlin (89 %)

**24.** Kva heiter verktøyet innan kunstig intelligens som ut frå brukaren sin input kan skriva mellom anna stilar, dikt, programkode og fiktive nyhetsartiklar?

- 1) ChatGPT (88 %)    X) SkyNet (5 %)    2) 4Chan (7 %)

**25.** Kari er den mellomste av tre søsken. Du finn ut at ho har minst ein bror. Kva er sannsynet for at ho har to brødre?

- 1)  $\frac{1}{3}$  (10 %)    X)  $\frac{1}{2}$  (78 %)    2)  $\frac{2}{3}$  (12 %)

*I utgangspunktet er det fire like sannsynlege alternativ: 1: Ein storebror og ein lillebror. 2: Ein storebror og ei lillesyster. 3: Ein storesyster og ein lillebror. 4: Ei storesyster og ei lillesyster. Men sidan Kari har minst ein bror, så kan ikkje alternativ 4 vera rett. Dei tre gjenverande alternativa er framleis like sannsynlege, og sannsynet for alternativ 1 (to brødre) er difor  $\frac{1}{3}$ . Hadde ein derimot fått veta at Kari har ein storebror (eller ein lillebror), ville sannsynet for at ho har to brødre ha vore  $\frac{1}{2}$ .*

**26. Tiebreaker**, tippestørsmål som blir avgjerande om det skulle bli delt førsteplass:

Kor mange gonger er bokstaven «e» nytta totalt på dei fem postane av årets turmarsj?

(Stor bokstav «E» IKKJE medrekna.) Rett svar er 430 gonger.